



FYLKESORDFØRAREN INVITERER TIL LÆRLINGEKONFERANSE

25. september 2018

Radisson Blu Royal Hotel

Til ordførar og rådmann.

Det er ei glede for fylkesordføraren å invitere til dagskonferansen «Styrkeløft for yrkesfag».

Hordaland fylkeskommune har som sentralt utviklingsområde å styrke dialogen med kommunane med mål om å auke opplæringskapasiteten for lærlingar. Vidare å kunne styrke samarbeidet med kommunane om kompetanse- og profesjonsutvikling i utdanningssektoren. Ein ser det som avgjerande viktig at utdanningssystemet vert betre innretta mot dei konkrete regionale behov.

Dette er bakgrunnen for at vi no ønsker å invitere til konferanse og dialogsamling med ordførarar og rådmenn i kommunane i Hordaland. På konferansen vil ein høyre om erfaringar med lærlingeordninga i eigen organisasjon og frå utvalde kommunar. Ein vil gå nærare inn på framtidig arbeidskraftbehov i fylket og i kommunane. Fylkeskommunen vil presentere arbeidet med etablering av regionale formidlingsnettverk. Vi ønsker å knytta linjer inn mot regional plan for kompetanse. Å arbeida i fellesskap for å utvikla samarbeidsarenaer mellom skuleeigar, kommune og arbeidsmarknaden vil betra føresetnadane for kommunane å få stetta sitt arbeidskraftbehov i åra frametter, og det vil auke føresetnadene for at ungdomen i kommunane fullfører utdanninga si, får seg arbeid og buset seg.

Eg ønsker velkomen til konferanse og til eit styrkeløft for yrkesfag i kommunane!



fylkesordførar

25. september 2018

Kl. 10.00-15.00

Radisson Blu Royal Hotel

Dreggshallmenningen 1, Bergen

PÅMELDING

Påmelding innan 28.08.18 på
<https://www.hordaland.no/nn-NO/kalender/styrkelofforyrkesfag/>

SPØRSMÅL

Ta kontakt med
Torbjørn Mjelstad, tlf. 97142081,
Torbjørn.mjelstad@hfk.no
eller
Signe Ekeland, tlf. 45296879,
Signe.ekeland@hfk.no

PROGRAM

Program for dagen vil bli sendt ut i forkant av samlinga.

